



Saksframlegg

Nye vegnamn rundt Sætrevatnet - Fjellsetra - Sykkylven

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune godkjenner at 12 nye vegnamn for området Sætrevatnet ved Fjellsetra, blir sendt til Språkrådet for uttale.

Etter det blir namna så sendt til offentlig høyring, før endeleg vedtak i Levekårsutvalet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kultureininga har fått tilsendt kartutsnitt over området rundt Sætrevatnet på Fjellsetra. Det er behov for å namnsette 12 vegar i dette området. Grunna stor utbygging og mange hytter i området er det no eit ønske om å få namn på vegane og adressering.

Saksopplysningar

Slike saker blir handsama administrativt og lagt fram for politisk organ for behandling – i Sykkylven er det Levekårsutvalet. Namnsetting av nye vegar blir vedtatt lokalt, men skal uttale skal sendast til Språkrådet for uttale, før endeleg vedtak.

Basis for arbeidet er Stadnamnlova frå 1991. Sykkylven har mange innsamla stadnamn frå 1980-90 åra – totalt ca 12.000 namn. Talet på namne er ulikt frå område til område i kommunen. Nokre stader er det mange mange namn, andre plasser mindre eller ingen.

Ein del av namna er no digitalisert og ligg i Kartverket sine kart, men heile arbeidet er ikkje fullført. Dette gjeld område i Velledalen, på Aure i sentrumsområdet og nedre del av Ramstaddalen.

Området på Fjellsetra/Ladalen er eit område med lite innsamla namn, men noko finst.

Stadnamnbasen har vi tilgang til her i kommunen sitt arkiv, ved Møreforskning i Volda og på fylkesnivå, Fylkesatlasen for Møre og Romsdal.

Vurdering

Eg har i saka tatt utgangspunkt i lokale innsamla stadnamn i området. Dette er viktig kulturminne og vel verdt å ta vare på gjennom vegnamn og adressering. Då vil namna brukast og leve vidare.

Same framgangsmåte vart gjort for ca 20 år sidan då alle område i kommunen vart adressert og nye vegnamn kom til. Lokale stadnamn vart brukt. Kun få stader vart det annleis, då det vart stor lokal usemje om namnevalg.

Etter at Levekårsutvalet har gjort sin behandling og Språkrådet har gitt sin tilråding, så kan saka gå til høyring i området. Dette kan gjerast ved offentlig annonsering og utlegging på kommunen sin heimeside i ein periode. Etter det blir endeleg vedtak gjort i Levekårsutvalet.

Det blir vist til kart som ligg ved denne saka.



Framlegg til namn på vegane:

Veg nr 1. Sætreli

Kommentar:

Namnet er kjent og innarbeidd. M.a som namn på ny parkeringsplass. Der er ingen andre namn i dette området. I Fylkesatlasen for stadnamn står namnet oppført som Sætralia.

Veg nr. 2. Svodene/ alternativ: Svodevegen/Svodne

Kommentar:

Stadnamnet ligg i området, noko lenger oppe i lia. Namnet betyr: **Slett fjell i lia**, og bør kunne brukast, sjølv om kanskje uttalen er noko framand.

Veg nr. 3. Lia

Kommentar:

Stadnamnet ligg i området, men noko høgare oppe på ca 550 m.

Veg nr. 4 : Drotninghaugstølen

Kommentar:

Her er namnet **Øygardsstølen** også brukt. Det bør brukast kun 1 namn på heile vegen.

Veg nr. 5 : Leginnje

Kommentar:

Lenger opp ved 400m har i namnet **Legene/Leginnje**. Namnet bør kunne brukast og helst med den lokale uttalen : Leginnje. Det er namnet på ein kvileplass for krøtera/dyra.

Veg nr. 6 og 8.: Lastølen

Kommentar:

Opprinneleg namn på området er **Ladalen**. Dette stølsområdet til gardane på Lade i Velledalen. Namnet Ladalen har kome i skuggen av namnet Fjellsætra som er det opprinneleg namnet på turisthytta til Lied ved Ungdomssenteret. På slutten av 60-talet tok også skitrekket – no Sykkylven Friluftssenter, også dette namnet. Vegnamnet Lastølen kan brukast både nedanfor og ovanfor vegen her.

Veg nr. 7: Vesleskipet/ Ladalen

Kommentar:

Stadnamnet **Vesleskipet** ligg i området. Dette er ei lita øy ute på Sætrevatnet. Det er ingen andre namn i området som er registrert. Det bør kunne brukast vidare. Dette er jo det mest fortetta plassen i området med hytter/ski-campingvogner. Namnet bør skrivast Vesleskipet og ikkje den lokale uttalen: ihljeskjipe. Eit alternativ kan vere å bruke stadnamnet for området: **Ladalen** Viktig å få dette namnet inn i offisiell bruk igjen.

Veg nr. 9: Larshola

Kommentar:

Dette er ein ny veg, som ikkje er bygd enno. Stadnamnet Larshøla finst i området akkurat der. Også namnet Stordepelen. Ein bør gjere eit val her. Namna bør kunne brukast og rettskrivast. Det blir tilrådd Larshola.

Veg nr. 10: Grønhol

Kommentar:



Dette er ein ny veg, som ikkje er bygd enno.

Stadnamnet Grønhøla finst i området akkurat der vegen går. Namnet er lokalt og bør kunne brukast på vegen.

Veg nr. 11: Reset

Kommentar:

Stadnamnet Reset finst i området, om enn noko vestover. Denne vegen er no kort, men skal sikkert forlengast?. Namnet er lokalt, innarbeid og bør kunne brukast vidare.

Veg nr. 12: Fetstølen/Fetstølsvegen

Kommentar:

Stadnamnet Fitjastølen finst i området og er godt innarbeidd. Namnet Fetstølen blir også brukt og er vel jamstilt. Mulig at vegnamnet burde heite: Fitjastølsvegen. Men dette blir ganske tungt og langt og uttale og bruke som adresse. Vegnamnet kan heite Fetstølen eller Fetstølsvegen.

Det kan vere tilfelle der vegar eller hyttefelt har fått namn tidlegare, men som ikkje er formelt godkjent. Vi kjenner ikkje til dei namna no. Ein høyringsprosess vil nok avklare slike tilfelle.

Økonomiske konsekvenser

«Skriv her» Ingen direkte. Men det trengs annonsering i høyringsfasen.

Bente Glomset Vikhagen
kommunedirektør

